

Er Det gamle testamentet ei samling forelda myter?

12.11.2016



Magnar Kartveit under temakvelden i april.

I april var professor i Det gamle testamentet, Magnar Kartveit, i Uskedal kyrkje og hadde eit svært interessant føredrag der Jobs bok var sentral. 25.november kjem den nyslätte pensjonisten tilbake, og alle som møter opp vil garanert få ei tankevekkjande stund i kyrkja. I samband med det har Uskedal sokneråd sendt ut følgjande pressemelding:

Mange vil i dag seie at Det gamle testamentet berre er myter, som er forelda og uinteressant. Andre vil ha ein Bibel som er heil og fullstendig, og der alle deler kan brukast fult ut. Bibelen er for dei ei påliteleg kjelde i eitt og alt. Kva er treffande? Og kva er eit kristent syn på Bibelen?

Magnar Kartveit hadde ein temakveld om Jobs bok for ei tid tilbake. Det blei ein kveld til ettertanke, og undring over ei bok i Bibelen som vi ikkje så ofte er innom. Det er flott når nokon som kan fagstoffet sitt, kjem og viser oss «knaggar» som kan hjelpe oss vidare i vår eiga bibelforståing.

No er han blitt pensjonist, men vil likevel ta turen tilbake til oss for å hjelpe oss vidare med korleis vi kan forstå Bibelen betre. Avskjedsforedraget han hadde på Misjonshøgskulen heitte « Kva skal vi med det gamle testamentet? Ein tittel som nok mange har tankar om.

Denne kvelden vil difor presentera viktige sider ved Bibelen og opna opp for drøfting og samtale omkring desse spørsmåla. Her er det lov å komma med motførrestellingar. Det er lov å få til ein skikkeleg diskusjon, og det er framfor alt lov å vere ueinige.

Velkomne til kyrkja denne kvelden, 25.november kl.19!
Svanhill Haugland
Soknerådsleiar Uskedal kyrkje



Soknerådsleiar Svanhill Haugland overrekte blomar sist Kartveit var i Uskedal kyrkje.

Foto og nett: Thor Inge Døssland